



Arbeids- og sosialdepartementet

Dato
21.11.2018

Overgang til NAV Vestland - førespurnad om møte

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

NAV Sogn og Fjordane har over tid stått for dei beste resultatane i landet på overgang til arbeid for arbeidssøkarar, overgang til arbeid for personar med nedsett arbeidsevne, kontakt og samarbeid med næringslivet og tett oppfølging av sjukmelde.

Eit døme på dette er det tette samarbeid med fylkeskommunen/kommunane og no privat næringsliv kring utvikling og gjennomføring av tilpassa opplæring for flyktningar og kalla Gloppen-modellen. Det er i dag sett i gang klassar i alle regionane, der vi ser høg gjennomføring og god overgang til arbeid. Som igjen gjer at flyktningane vert verande i fylket over tid og gjev ein høgare del av dei moglegheitane til å forsørgje seg sjølv gjennom løna arbeid.

Eit anna døme er samarbeid ein har utvikla med andre regionale utviklingsaktørar innan næringsutvikling generelt og kvalifisering av arbeidskraft til næringer med behov for rekruttering.

Ved overgang til NAV Vestland er det bestemt at fylkeskontoret skal ligge i Bergen, og dei tilsette har fått beskjed om at om ein skal jobbe på fylkeskontoret må ein flytte til Bergen. Dette heng saman med at det ikkje er mogleg å drive fjernleiing av tilsette i Nav på trass av store investeringar i mobilitetsløyser til alle tilsette i etaten. Regionrådet uroar seg over at framføre i Bergen går føre alt anna som til dømes nettverk, kompetanse og oppnådde resultat. Fjernleiing, sjølvleiing, videoløyser og andre moderne måtar å drive leiing i offentleg forvaltning vert ikkje teke til bruk i denne reforma.

Sogn regionråd finn det oppsiktsvekkande at det ikkje går an å leie tilsette på Leikanger frå Bergen. Dette klarar nemleg nye Vestland fylkeskommune heilt greitt. Direktoratet for forvaltning og IKT har gode erfaringar med å leie sine folk frå Oslo. På same måte klarar Skatteopplysninga å leie tilsette over heile landet frå Leikanger, Fylkesmannen klarar å leie folk i den nye regionen, og Statens vegvesen klarar å styre region vest frå sitt regionkontor same staden.

I risikovurdering av prosjektet (NAV Vestland) er tap av kompetanse og at kompetanse ikkje vert nytta inn i den nye organisasjonen vurdert som dei høgaste risikoane. Som kommunar har vi vore veldig nøgde med dei resultatane partnerskapen vår med NAV har gjeve over tid. Difor finn vi grunn til å ytre at vi no er urolege for kva konsekvensar samanslåinga av fylkesledda i NAV vil ha for dette samarbeidet. Vi er opptekne av at det kan ha store konsekvensar for særleg utsette grupper i lokalsamfunna våre om denne samanslåinga fører til tap av kompetanse og dei gode samarbeidsrelasjonane kommunane har opparbeida med NAV over tid.

Sogn regionråd har merka seg at Nav Hordaland fleire stader framleis har todelt leiing. Ein leiar for stat og ein for kommune i same kontor. Nav kontora i Sogn og Fjordane viser gjennomgåande høge resultat i landstoppen innan den balanserte målsstyringa som brukast i NAV. Vi meiner at

den tette oppfølginga av navkontora i Sogn og Fjordane i tråd med føringane frå Arbeids- og velferdsdirektoratet har vore sentralt for denne måloppnåinga.

Kommunane i Sogn regionråd er opptekne av å vere konstruktive og aktive deltakarar i partnerskapen som Nav utgjer. Vi ber difor departementet om eit møte om saka for å få sikre at omlegginga til Nav Vestland ikkje medfører tap av kompetanse og dårlegare tenester for brukarar og samarbeidspartnarar i regionen vår.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd